



Dei trivst på kunstgrasbana i Rosendal, 11-åringane Anne Marthe Zimmer og Kari Bråtun. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**11 aktive spelarar frå Uskedalen er å finna blant dei 104 som mandag, tysdag og onsdag deltek på TINE Fotballskule i Rosendal og i tillegg kjem ein instruktør. Under 15 timar med undervisning lærer dei ein masse og det er synd at ikkje fleire frå vår bygd fann tid til å delta dette året.**



Her er 9 av dei 11 aktive uskedelingane som deltek på TINE fotballskule i Rosendal denne veka. Foran ligg instruktør Benjamin Taranger. Bak står, frå venstre, Håvard Steinsvik, Henrik Dahle, Hans Fredrik Zimmer, Roberth Stensletten, Kjartan Tungesvik, Maren Bjernebøle, Jostein Bauge, Kari Bråtun og Anne Marthe Zimmer. Johannes Taranger og Emil Bakke Berntsen var ikkje til stades. (Foto: Ola Matti Mathisen).

I fjor var 23 uskedelingar med og i tillegg kom eit stort knippe instruktørar og medhjelparar.

Men dei som er der stortrivs sjølv om veret er heller lunefullt. Trivselen har ikkje minst samanheng med at rekruttane også kan boltra seg på den nye og svært innbydande kunstgrasbana. Den er rett og slett imponerende – til forveksling lik ei vanleg grasbane og atskillig mjukare enn "gamle" kunstgrasbanar..

- Vi har berre positive tilbakemeldingar – her blir det ikkje brannskader, seier eldsjelen bak fotballskulen Arvid Nes til uskedalen.no.

Dette er fjerde gongen fotballskulen blir halde i Rosendal og i år er det rekord-deltaking. Deltakarane kjem ikkje berre frå alle delar av kommunen – det er også innslag frå Oslo og Bergen..

Instruktørstaben er også imponerende, den består av rundt 30, og Arvid nemner stolt to av dei. Den eine er tyskaren Anders Mayer, som for tida bur hjå sonen i Herøysund. Han har mellom andre vore innom både tyske lag, Aberdeen i Skottland og Rosenborg. Den andre er Bjarne Klette frå Rosendal, som står på sjølv om han har runda dei sytti.

Onsdag blir det eit høgdepunkt, for då landar eit helikopter på fotballbana og ut stig to av Brannspelarane som skal møte dei unge og gje dei inspirasjon i løpet av to timar. Helikopterturen frå Bergen til Rosendal og attende blir som i fjor sponsa av Fonnafly.

Også på Husnes er det fotballskule med rundt 100 deltakarar denne veka, men der er ingen frå Uskedalen med, opplyser leiinga.

Av Ola Matti Mathisen



Utan mat og drikke klarar heller ikkje unge fotballspelarar å prestera noko. I Rosendal er også serveringa tydelegvis godt organisert.  
(Foto: Ola Matti Mathisen)